



SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saksnr. i utval
Utval for samfunn, plan og næring	22.01.2025	004/25
Kommunestyret	05.02.2025	004/25

Saksbehandlar:	Arkivsak – dok.nr	20/8045 – 46
Elisabeth Pettersen Tveit	Journalpostnr.	24/36260

Uttale til revisjon av konsesjonsvilkår for Røldal–Suldal–reguleringa

Vedlegg
Ullensvang kommune si vilkårsliste ved revisjon av konsesjonsvilkår for Røldal–Suldal–reguleringa
1. NVE sitt høyringsbrev for revisjonsdokument og søknadar om 5 nye kraftverk
2. Kunngjering frå NVE om revisjonsdokument og søknadar om 5 nye kraftverk
3. Oversendelsesbrev frå Lyse–RSK
4. Revisjonsdokument
5. Kart eksisterande og planlagte kraftverk RSK
6. Oversiktskart reguleringsområde RSK
7. Prinsippskisse RSK anlegga
8. Hydrologiske data
9. Kartlegging miljø- og brukarinteresser, fagtema fisk – reguleringsmagasin
10. Kartlegging miljø- og brukarinteresser, fagtema villrein
11. Kartlegging miljø- og brukarinteresser, fagtema landskap, friluftsliv og reiseliv
12. Kartlegging miljø- og brukarinteresser, fagtema kulturminner
13. Oversikt over kulturminner i reguleringssonane
14. Konsesjonsvilkår og manøvreringsreglement RSK kgl. res. 3. mai 1974
15. Revisjonskrav frå Odda og Suldal kommunar 2019
16. Innspel til miljøtiltak, Røldal–Suldal. Ullensvang kommune 30.11.2020
Statsforvaltaren i Vestland sin uttale til revisjonsdokument og konsesjonssøknad RSK
Røldal grunneigarlag sin uttale til revisjonsdokument og konsesjonssøknad RSK
Røldal bygdalag sin uttale til revisjonsdokument RSK

Saka blir avgjort av:
Kommunestyret

Tilråding frå rådmannen:

- Ullensvang kommunestyre sender NVE liste over vilkår som må takast med i revisjonen av Røldal–Suldal-reguleringa. Lista er lagt ved: *“Ullensvang kommune si vilkårsliste ved revisjon av konsesjonsvilkår for Røldal–Suldal-reguleringa”*.
- Nye miljøvilkår må fastsettast i revisjonssaka før ny konsesjonssøknad vert vurdert, og få verknad i ny konsesjonssak for pumpe- og effektkraftverk Røldal 2 og Novle 2.

Kommunestyret 05.02.2025

Framlegg, sett fram av Lisa Karine Haugland, Raudt

Tillegg til punkt 1:

Ullensvang kommunestyre ber rådmannen innarbeida følgjande tilleggsforslag til dokumentet *“Ullensvang kommune si vilkårsliste ved revisjon av konsesjonsvilkår for Røldal–Suldal-reguleringa”*:

1. Innføra minstevassføring for Novlefoss med minst 12 m³/s vatn mellom kl. 10:00 – 20:00 kvar dag i tidsrommet 1.juni til 1.september.

2. Årleg utbetaling på 12.500.000 kr til eit nærings- og utviklingsfond, der halvparten skal øyremerkast Røldal. Summen skal indeksjusterast kvart år og følgje konsesjonen til Lyse kraft DA.

Fellesframlegg, sett fram av Tor Helge Haara Tjemsland, Arbeidarpartiet

Som tilrådinga frå utval for samfunn plan og næring, men med enkelte tillegg/endingar (*i kursiv*):

1. Ullensvang kommunestyre sender NVE liste over vilkår som må takast med i revisjonen av Røldal–Suldal-reguleringa. Lista er lagt ved: *“Ullensvang kommune si vilkårsliste ved revisjon av konsesjonsvilkår for Røldal–Suldal-reguleringa”*.
2. Nye miljøvilkår må fastsettast i revisjonssaka før ny konsesjonssøknad vert vurdert, og få verknad i ny konsesjonssak for pumpe- og effektkraftverk Røldal 2 og Novle 2.

Nytt punkt 3

- *Ullensvang kommune fryktar at fagrapportane utarbeida i 2019, som eit grunnlag for RSK sin vilkårsrevisjon, i for liten grad belyser dei lokale utfordringane. Mengda innspel frå privatpersonar og interesseorganisasjonar kan tyde på at brukarerfaringar frå 60 år med drift av RSK-anlegga ikkje er tilstrekkeleg belyst. Det er særskild utfordrande å få oversikt over alle detaljer og utfordringar som har oppstått i samband med reguleringa. Ullensvang kommune må difor vere audmjuk på at ein i samband med utredningsprogrammet i 2019 kan ha utelatt viktige utfordringar som burde vore belyst. Dette kan likevel ikkje nyttast som ei kvilepute no. Det må vere regulanten sitt ansvar aleine å belyse alle negative, eller positive, sider ved RSK-anlegga. Ullensvang kommune ber soleis NVE om å vektlegge innspel frå lokale aktørar høgt. Desse kjenner historikken, området og reguleringseffektene kraftanlegget har på lokalsamfunnet betre enn nokon.*

VEDLEGGET:

“Ullensvang kommune si vilkårsliste ved revisjon av konsesjonsvilkår for Røldal–Suldal-reguleringa”

Ullensvang kommune er opptatt av at når det skal setjast vilkår for minst 30 nye år, så må kunnskapen vere oppdatert og grundig for at vilkåra skal vere best mogleg tilpassa dei overordna omsyna som skal varetakast. Staten må sikre at nokon av dei store naturinngrepa som tida for lengst har løpt frå, og som i dag framstår heilt uakseptable, vert fjerna. Revisjonen av konsesjonsvilkåra skal sikre meir miljøtilpassa vilkår for gjeldande regulering. Vilkåra må vere basert på moderne, berekraftige miljø- og naturomsyn. Det er viktig at O/U-søknaden, og utfallet av denne, ikkje aukar den samla belastninga lokalt – eller regionalt – ytterlegare.

Kravlista under er ei samanfating av krav og vilkår frå Ullensvang kommune, samt ei vidareføring av krav framsatt av tidlegare Odda kommune.

Krav om tiltak som inneber magasinrestriksjonar og/eller vasslepp:

- Krav om minstevassføring i alle bekker og elver.
- Kommunen krev at manøvreringsregima i reguleringsmagasin vert oppdatert til moderne natur- og miljøkrav. Desse må vere slik at erosjonsskader vert redusert.
- Slepp av vatn i Novlefoss av omsyn til oppleving og turisme, spesielt med tanke på planlagt ny tunnel på E134 mellom Hesjabakk og Liamyrane. Dette vil føre til at Novlefoss blir eit markert innslag i landskapsbiletet når ein reiser austover. *Det er viktig at dei fossane som er synlege frå der folk ferdast eller bur får ei minstevassføring som gjer at dei framstår som fossar og ikkje berre sildrebekkar.*
- Vurdere dagens manøvreringsbestemmingar for Valldalsmagasinet i forhold til oppdaterte klimaprognosar med påslag og tilhøyrande flomberekningar for å optimalisere flaumsikring frå Valldalen til Brattlandsdalen.
- Krav om innføring av fyllingsbestemmingar for Røldalsvatnet, som gjer det meir forutsigbart å legge til rette for friluftstilbod/næring både for turistar og lokalbefolkning. *Det må setjast krav om eit vassnivå på rundt kote 379 m.o.h. i tidsrommet 15.mai til 15.november.* Omsyn til flaumsikring må likevel vere ein viktig del av vurderinga.
- Minstevassføring i Brattlandsdalåna – spesielt for å sikre betre gyteforhald for storaurestamma i Suldalsvatnet.
- *Ein må innføre tiltak som reduserer ulempene med frostrøyk.*

Næringsfond

Stortinget har pålagt NVE å vurdere næringsfond. Inngrepa RSK medfører er uakseptable i dag. Inngrepa ville ikkje blitt godkjent. Grunnlaget for næringsfond er at det skal vere store inngrep. Den terskelen er overtrådt med svært god margin. Det er få, om nokon, kraftanlegg som har så store natur og miljøkonsekvensar som RSK. Basert på samanliknbare anlegg, er Ullensvang kommune komen fram til at eitt næringsfond må ha ein eingongssum på 250 millionar kroner. Fortrinnsvis ønsker vi årlege utbetalingar.

Eigarskap

Eigarane av kraftverk kjem i dag stadig betre ut økonomisk sett. Vertskommunane opplever stadig oppattakande trugsmål mot å få sin andel av verdiskapinga. Eigarkommunar opplever ikkje desse trugsmåla og får behalde aukande verdiskaping frå kraftanlegg. Sidan det jamnleg vert framsett trugsmål mot vertskommunane sin andel av verdiskapinga (som t.d.

Sanderudutvalet), vil det tryggaste for vertskommunane til RSK vere å få ein andel av eigarskapen. Det ville i motsetnad til andre høve, sikre at vertskommunane også i framtida kan vere rimeleg trygge på å få ein andel av verdiskapinga lokalt.

Krav om andre fond og utbetalingar:

- Årlege utbetaling på 200.000 kr, som skal gå til tilrettelegging for det enkle friluftslivet i nedslagsfeltet. Summen skal indeksjusterast kvart år med utgangspunkt i 2019.
- Økonomisk bidrag til større tiltak for villrein, som må gjennomførast på tvers av konsesjonsområder ved å sjå alle revisjonssaker som rører ved villreinområda i samanheng.
- Oppretting av villreinfond for Hardangervidda villreinområde og Setesdal–Ryfylke villreinområde.
- Røldal Fiskefond vart oppretta som ein del av konsesjonsvedtaket i 1962. Det vart då innbetalt ein eingangssum. Regulanten må påleggjast årlege innbetalingar til dette fondet på kr 50 000. Summen skal indeksjusterast kvart år med utgangspunkt i 2019.

Krav om vegar, båtutsett o.l.

- Regulanten må sikre permanent tilgang til Valldalen og Hardangervidda heile året, slik at lokalbefolkning, og oppsittjarar, kan nytte Valldalen som forutsett. Ullensvang kommune krev at det i vilkårskonsesjonen kjem pålegg om merking på is, eller andre trasear, for å leggje til rette for vinterferdsel i Valldalen og vidare innover Hardangervidda.
- Staten må pålegge regulanten å ta fullt ansvar for Valldalsvegen. (Kommunen overtok dette ansvaret i 1968 under føresetnad av heimfall, og vart av den grunn kun tilkjent eingongsutbetaling på kr. 100.000,-). Denne uretten må rettast opp. *Ullensvang kommune krev at det fulle og heile ansvaret for Valldalsvegen vert overført til konsesjonæren, og at denne i framtida følgjer konsesjonen. Dette må tydeleggjerast ved at dette vert inkludert i konsesjonsvedtaket.*
- Vegen i Valldalen går gjennom rasutsett område, særleg om vinteren. Regulanten må rassikre vegen.
- Fungerande båtutsett må etablerast i alle reguleringsmagasin. I dei større reguleringsmagasinga (Valldalen og Røldalsvatnet) må ein etablere fleire funksjonelle båtutsett, som er fordelt rundt vatna. Båtutsett i Røldalsvatnet er plassert i rasfarleg område.

Fisk i reguleringsmagasin

- Utarbeida ein revidert plan for å optimalisere fiskeforvaltninga i heile konsesjonsområdet, med spesiell vekt på dei vatna som er økologisk mest gunstige, eller som har størst friluftsinnteresser. Planen må også ha fokus på å unngå spreiding av bekkerøye og ørekyt. Ein må kome med tiltak for å hindre spreiding av ørekyte frå Votna til Storelva/Røldalsvatnet.
- Norconsult føreslår å endre på utsettingsregimet av fisk i fleire av magasinga. Det er fisk i alle reguleringsmagasina til RSK innanfor Ullensvang kommune (ref. Røldal fjellstyre). Det er ikkje gjort vurderingar av fiskeutsetting i magasin der Hydro ikkje har hatt pålegg om dette. Ullensvang kommune krev at det vert gjort nye vurderingar

av pålegg av fiskeutsettingar, i samarbeid med Statsforvaltaren og lokale brukarinteresser.

- I Røldalsvatnet er terskelen oppstrøms flomløpet ikkje tilpassa oppstrøms fiskevandring. Denne må betrast for å mogleggjere fiskevandring.

Villrein:

Ullensvang kommune krev at kunnskapsgrunnlaget for villrein må styrkjast, både for Hardangervidda- og Setesdal-Ryfylke villreinområde. Ullensvang kommune viser her til brev innsendt 9. juli, samt fråsegner frå Villreinnemnda for Hardangervidda, Villreinnemnda for Setesdalen-Ryfylke, Statsforvalteren i Vestland, Statsforvaltaren i Rogaland, Statsforvalteren i Vestfold og Telemark og Statsforvalteren i Agder.

Ullensvang kommune støttar, og opprettheld, alle krav om tilleggsutgreiingar som framkjem av desse fråsegnene. Tiltak som kan betre trekkvegane, og redusere den samla belastninga for villrein, må ha høg prioritet i revisjonen av Røldal-Suldal-reguleringa. Til dømes må ein vurdere kva effekt etablering av ein villreinterskel i Votna kan ha.

Ullensvang kommune viser spesielt til Norconsult si tilråding om å regulere ferdsel ved å etablere eit samarbeid mellom forvaltning, fjellstyre, DNT med fleire. Dette for å øke trekkaktiviteten til reinsdyra. Anleggsvegane til Kaldevatnet og Middyrvatna er allereie stengt med bom, og har vore dette sidan anlegga opna. Dette gjer at det er særst lite motorisert ferdsel ein kan regulere på desse vegane. Ein må dermed finne andre tiltak.

Det må påleggast konsesjonær innbetaling til villreinfond etter etablert praksis. Etablering av fond kan ikkje vere eit argument for å ikkje pålegge konsesjonær å utføre avbøtande tiltak der ein sjølv er ein klar problemeigar.

Kulturminne:

- Ullensvang kommune krev eit betre kunnskapsgrunnlag. Fagrapporten gjev ei oversikt over utførte kulturminneregistreringar og kjende kulturminner pr. mars 2019 i utgreiingsområdet. I rapporten er det ikkje vurdert avbøtande tiltak for konkrete lokalitetar. Det må gjennomførast feltundersøkingar dersom dette viser seg å vere naudsynt for å ha tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag.
- Følgje opp eventuelle forslag til avbøtande tiltak for kulturminner, t.d. som følgje av skade på kulturminner i erosjonssoner.

Landskap, friluftsliv og reiseliv:

- Rydding av gammalt skrot/bos. Norconsult viser til at det ligg skrot, bos og andre restar etter anleggsverksemd fleire stadar. Dette skal ryddast så raskt som råd.
- Regulanten må etablere fleire kulvertar, og/eller ein tappetunnel, i dei indre delane av Valldalsmagasinet for å avbøte på problema som oppstår på isen når magasinet ligg rundt kote 700.
- Dei seinare åra er det etablert seg noko grasvegetasjon i den øvre delen av reguleringssona i Valldalsmagasinet. Dette dempar dei visuelle ulempene ved reguleringa. Denne vegetasjonsetableringa må få halde fram.
- I Røldalsvatnet vil ei fordeling av vatnet som i dag går i kanalen, mellom kanalen og det naturlege elveleiet, gje positive verknadar for landskapet.

Landbruk:

- *Landbrukskulturen i Røldal, og spesielt Valldalen, vart særst hardt ramma av vasskraftutbyggingane. Mange hundre dekar innmark gjekk tapt i Valldalen. Regulanten bør kartleggje om ein kan bruke overskotsmassar, frå nye, eller eldre anleggsvirksomheit til å opparbeide nytt jordbruksareal. Regulanten bør bidra med gjennomføringsbidrag til eventuelle tiltak.*

Øvrige krav om tiltak:

- Gjennomføre undersøkingar (innhente kunnskap) om dagens miljøtilstand i Novlefoss.
- Overvake vasskvaliteten nedstraums eksisterande steintippar og om naudsynt gjennomføre tiltak for å motverke forureining.
- Kartlegge og vurdere avbøtande tiltak mot erosjonsproblem og forringe landskapsbiletet i konsesjonsområdet.
- Ullensvang kommune krev at det vert gjennomført tiltak for vegskråningar og tippar som ikkje er plastra/dekka til.
- *Erosjonsskadar og massar frå inntaksbasseng og tunnelar skal arronderast og istandsettast.*

Prøverøysting:

Framlegget frå Lisa Karine Haugland, innleiande tekst og pkt. 1 fekk 2 røyster (Haugland, Kollbotn).

Framlegget frå Lisa Karine Haugland, pkt 2 fekk 2 røyster (Haugland, Kollbotn).

Røysting:

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

Med bakgrunn i prøverøystinga vart det ikkje røysta over framlegget frå Lisa Karine Haugland.

KST – 004/25 Vedtak

1. Ullensvang kommunestyre sender NVE liste over vilkår som må takast med i revisjonen av Røldal–Suldal–reguleringa. Lista er lagt ved: “Ullensvang kommune si vilkårsliste ved revisjon av konsesjonsvilkår for Røldal–Suldal–reguleringa”.
2. Nye miljøvilkår må fastsettast i revisjonssaka før ny konsesjonssøknad vert vurdert, og få verknad i ny konsesjonssak for pumpe- og effektkraftverk Røldal 2 og Novle 2.
3. Ullensvang kommune fryktar at fagrapportane utarbeida i 2019, som eit grunnlag for RSK sin vilkårsrevisjon, i for liten grad belyser dei lokale utfordringane. Mengda innspel frå privatpersonar og interesseorganisasjonar kan tyde på at brukarerfaringar frå 60 år med drift av RSK–anlegga ikkje er tilstrekkeleg belyst. Det er særst utfordrande å få oversikt over alle detaljer og utfordringar som har oppstått i samband med reguleringa. Ullensvang kommune må difor vere audmjuk på at ein i samband med utredningsprogrammet i 2019 kan ha utelatt viktige utfordringar som burde vore belyst. Dette kan likevel ikkje nyttast som ei kvilepute no. Det må vere regulanten sitt ansvar aleine å belyse alle negative, eller positive, sider ved RSK–anlegga. Ullensvang kommune ber soleis NVE om å vektlegge innspel frå lokale

aktørar høgt. Desse kjenner historikken, området og reguleringseffektene kraftanlegget har på lokalsamfunnet betre enn nokon.

VEDLEGGET:

“Ullensvang kommune si vilkårsliste ved revisjon av konsesjonsvilkår for Røldal–Suldal–reguleringa”

Ullensvang kommune er opptatt av at når det skal setjast vilkår for minst 30 nye år, så må kunnskapen vere oppdatert og grundig for at vilkåra skal vere best mogleg tilpassa dei overordna omsyna som skal varetakast. Staten må sikre at nokon av dei store naturinngrepa som tida for lengst har løpt frå, og som i dag framstår heilt uakseptable, vert fjerna.

Revisjonen av konsesjonsvilkåra skal sikre meir miljøtilpassa vilkår for gjeldande regulering. Vilkåra må vere basert på moderne, berekraftige miljø- og naturomsyn. Det er viktig at O/U-søknaden, og utfallet av denne, ikkje aukar den samla belastninga lokalt – eller regionalt – ytterlegare.

Kravlista under er ei samanfating av krav og vilkår frå Ullensvang kommune, samt ei vidareføring av krav framsatt av tidlegare Odda kommune.

Krav om tiltak som inneber magasinrestriksjonar og/eller vasslepp:

- Krav om minstevassføring i alle bekker og elver.
- Kommunen krev at manøvreringsregima i reguleringsmagasin vert oppdatert til moderne natur- og miljøkrav. Desse må vere slik at erosjonsskader vert redusert.
- Slepp av vatn i Novlefoss av omsyn til oppleving og turisme, spesielt med tanke på planlagt ny tunnel på E134 mellom Hesjabakk og Liamyrane. Dette vil føre til at Novlefoss blir eit markert innslag i landskapsbiletet når ein reiser austover. Det er viktig at dei fossane som er synlege frå der folk ferdast eller bur får ei minstevassføring som gjer at dei framstår som fossar og ikkje berre sildrebekkar.
- Vurdere dagens manøvreringsbestemmingar for Valldalsmagasinet i forhold til oppdaterte klimaprognosar med påslag og tilhøyrande flomberekningar for å optimalisere flaumsikring frå Valldalen til Brattlandsdalen.
- Krav om innføring av fyllingsbestemmingar for Røldalsvatnet, som gjer det meir forutsigbart å legge til rette for friluftstilbod/næring både for turistar og lokalbefolkning. Det må setjast krav om eit vassnivå på rundt kote 379 m.o.h. i tidsrommet 15.mai til 15.november. Omsyn til flaumsikring må likevel vere ein viktig del av vurderinga.
- Minstevassføring i Brattlandsdalåna – spesielt for å sikre betre gyteforhald for storaurestamma i Suldalsvatnet.
- Ein må innføre tiltak som reduserer ulempene med frostrøyk.

Næringsfond

Stortinget har pålagt NVE å vurdere næringsfond. Inngrepa RSK medfører er uakseptable i dag. Inngrepa ville ikkje blitt godkjent. Grunnlaget for næringsfond er at det skal vere store inngrep. Den terskelen er overtrådt med svært god margin. Det er få, om nokon, kraftanlegg som har så store natur og miljøkonsekvensar som RSK. Basert på samanliknbare anlegg, er Ullensvang kommune komen fram til at eitt næringsfond må ha ein eingongssum på 250 millionar kroner. Fortrinnsvis ønsker vi årlege utbetalingar.

Eigarskap

Eigarane av kraftverk kjem i dag stadig betre ut økonomisk sett. Vertskommunane opplever stadig oppattakande trugsmål mot å få sin andel av verdiskapinga. Eigarkommunar opplever ikkje desse trugsmåla og får behalde aukande verdiskaping frå kraftanlegg. Sidan det jamnleg vert framsett trugsmål mot vertskommunane sin andel av verdiskapinga (som t.d. Sanderudutvalet), vil det tryggaste for vertskommunane til RSK vere å få ein andel av eigarskapen. Det ville i motsetnad til andre høve, sikre at vertskommunane også i framtida kan vere rimeleg trygge på å få ein andel av verdiskapinga lokalt.

Krav om andre fond og utbetalingar:

- Årlege utbetaling på 200.000 kr, som skal gå til tilrettelegging for det enkle friluftslivet i nedslagsfeltet. Summen skal indeksjusterast kvart år med utgangspunkt i 2019.
- Økonomisk bidrag til større tiltak for villrein, som må gjennomførast på tvers av konsesjonsområder ved å sjå alle revisjonssaker som rører ved villreinområda i samanheng.
- Oppretting av villreinfond for Hardangervidda villreinområde og Setesdal–Ryfylke villreinområde.
- Røldal Fiskefond vart oppretta som ein del av konsesjonsvedtaket i 1962. Det vart då innbetalt ein eingangssum. Regulanten må påleggjast årlege innbetalingar til dette fondet på kr 50 000. Summen skal indeksjusterast kvart år med utgangspunkt i 2019.

Krav om vegar, båtutsett o.l.

- Regulanten må sikre permanent tilgang til Valldalen og Hardangervidda heile året, slik at lokalbefolkning, og oppsitjarar, kan nytte Valldalen som forutsett. Ullensvang kommune krev at det i vilkårskonsesjonen kjem pålegg om merking på is, eller andre trasear, for å leggje til rette for vinterferdsel i Valldalen og vidare innover Hardangervidda.
- Staten må pålegge regulanten å ta fullt ansvar for Valldalsvegen. (Kommunen overtok dette ansvaret i 1968 under føresetnad av heimfall, og vart av den grunn kun tilkjent eingongsutbetaling på kr. 100.000,-). Denne uretten må rettast opp. Ullensvang kommune krev at det fulle og heile ansvaret for Valldalsvegen vert overført til konsesjonæren, og at denne i framtida følgjer konsesjonen. Dette må tydeleggjerast ved at dette vert inkludert i konsesjonsvedtaket.
- Vegen i Valldalen går gjennom rasutsett område, særleg om vinteren. Regulanten må rassikre vegen.
- Fungerande båtutsett må etablerast i alle reguleringsmagasin. I dei større reguleringsmagasinga (Valldalen og Røldalsvatnet) må ein etablere fleire funksjonelle båtutsett, som er fordelt rundt vatna. Båtutsett i Røldalsvatnet er plassert i rasfarleg område.

Fisk i reguleringsmagasin

- Utarbeida ein revidert plan for å optimalisere fiskeforvaltninga i heile konsesjonsområdet, med spesiell vekt på dei vatna som er økologisk mest gunstige, eller som har størst friluftsinnteresser. Planen må også ha fokus på å unngå spreiding av bekkerøye og ørekyt. Ein må kome med tiltak for å hindre spreiding av ørekyte frå Votna til Storelva/Røldalsvatnet.

- Norconsult foreslår å endre på utsettingsregimet av fisk i fleire av magasina. Det er fisk i alle reguleringsmagasina til RSK innanfor Ullensvang kommune (ref. Røldal fjellstyre). Det er ikkje gjort vurderingar av fiskeutsetting i magasin der Hydro ikkje har hatt pålegg om dette. Ullensvang kommune krev at det vert gjort nye vurderingar av pålegg av fiskeutsettingar, i samarbeid med Statsforvaltaren og lokale brukarinteresser.
- I Røldalsvatnet er terskelen oppstrøms flomløpet ikkje tilpassa oppstrøms fiskevandring. Denne må forbeholdast for å mogleggjere fiskevandring.

Villrein:

Ullensvang kommune krev at kunnskapsgrunnlaget for villrein må styrkjast, både for Hardangervidda- og Setesdal-Ryfylke villreinområde. Ullensvang kommune viser her til brev innsendt 9. juli, samt fråsegnar frå Villreinnemnda for Hardangervidda, Villreinnemnda for Setesdalen-Ryfylke, Statsforvalteren i Vestland, Statsforvalteren i Rogaland, Statsforvalteren i Vestfold og Telemark og Statsforvalteren i Agder.

Ullensvang kommune støttar, og opprettheld, alle krav om tilleggsutgreiingar som framkjem av desse fråsegnene. Tiltak som kan betre trekkvegane, og redusere den samla belastninga for villrein, må ha høg prioritet i revisjonen av Røldal-Suldal-reguleringa. Til dømes må ein vurdere kva effekt etablering av ein villreinterskel i Votna kan ha.

Ullensvang kommune viser spesielt til Norconsult si tilråding om å regulere ferdsel ved å etablere eit samarbeid mellom forvaltning, fjellstyre, DNT med fleire. Dette for å øke trekkaktiviteten til reinsdyra. Anleggsvegane til Kaldevatnet og Middyrvatna er allereie stengt med bom, og har vore dette sidan anlegga opna. Dette gjer at det er særst lite motorisert ferdsel ein kan regulere på desse vegane. Ein må dermed finne andre tiltak.

Det må påleggast konsesjonær innbetaling til villreinfond etter etablert praksis. Etablering av fond kan ikkje vere eit argument for å ikkje pålegge konsesjonær å utføre avbøtande tiltak der ein sjølv er ein klar problemeigar.

Kulturminne:

- Ullensvang kommune krev eit betre kunnskapsgrunnlag. Fagrapporten gjev ei oversikt over utførte kulturminneregistreringar og kjende kulturminner pr. mars 2019 i utgreiingsområdet. I rapporten er det ikkje vurdert avbøtande tiltak for konkrete lokalitetar. Det må gjennomførast feltundersøkingar dersom dette viser seg å vere naudsynt for å ha tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag.
- Følgje opp eventuelle forslag til avbøtande tiltak for kulturminner, t.d. som følgje av skade på kulturminner i erosjonssoner.

Landskap, friluftsliv og reiseliv:

- Rydding av gammalt skrot/bos. Norconsult viser til at det ligg skrot, bos og andre restar etter anleggsverksemd fleire stadar. Dette skal ryddast så raskt som råd.
- Regulanten må etablere fleire kulvertar, og/eller ein tappetunnel, i dei indre delane av Valldalsmagasinet for å avbøte på problema som oppstår på isen når magasinet ligg rundt kote 700.
- Dei seinare åra er det etablert seg noko grasvegetasjon i den øvre delen av reguleringssona i Valldalsmagasinet. Dette dempar dei visuelle ulempene ved reguleringa. Denne vegetasjonsetableringa må få halde fram.

- I Røldalsvatnet vil ei fordeling av vatnet som i dag går i kanalen, mellom kanalen og det naturlege elveleiet, gje positive verknadar for landskapet.

Landbruk:

- Landbrukskulturen i Røldal, og spesielt Valldalen, vart særst hardt ramma av vasskraftutbyggingane. Mange hundre dekar innmark gjekk tapt i Valldalen. Regulanten bør kartleggje om ein kan bruke overskotsmassar, frå nye, eller eldre anleggsvirksomheit til å opparbeide nytt jordbruksareal. Regulanten bør bidra med gjennomføringsbidrag til eventuelle tiltak.

Øvrige krav om tiltak:

- Gjennomføre undersøkingar (innhente kunnskap) om dagens miljøtilstand i Novlefoss.
- Overvake vasskvaliteten nedstraums eksisterande steintippar og om naudsynt gjennomføre tiltak for å motverke forureining.
- Kartlegge og vurdere avbøtande tiltak mot erosjonsproblem og forringing landskapsbiletet i konsesjonsområdet.
- Ullensvang kommune krev at det vert gjennomført tiltak for vegskråningar og tippar som ikkje er plastra/dekka til.
- Erosjonsskadar og massar frå inntaksbasseng og tunnelar skal arronderast og istandsett.

Utval for samfunn, plan og næring 22.01.2025

Endrings- og tilleggsframlegg, sett fram av Lisa Karine Haugland, Raudt

Til Kulepunkt 1: Ullensvang kommunestyre ber rådmannen innarbeida følgjande endrings- og tilleggsforslag til dokumentet "Ullensvang kommune si vilkårsliste ved revisjon av konsesjonsvilkår for Røldal-Suldal-reguleringa":

1. Innføre fyllingsbestemmingar for regulerte vatn med tydelege krav til maksimal senking. For Røldalsvatnet: maksimal senking på 5 meter og krav om kote 379 m.o.h. i tidsrommet 15.mai til 15.november.

2. Minstevassføring i alle elver og bekker som er regulerte. For Novlefoss: 12 m³/s vatn mellom kl. 10:00 – 20:00 kvar dag i tidsrommet 1.juni til 1.september.

3. Innføre tiltak mot frostrøyk.

4. Restaurera øydelagt natur i samband med gamle anleggsvegar og tippar. Erosjonsskadar og massar frå inntaksbasseng og tunnelar skal arronderast og istandsett.

5. Årleg utbetaling på minst 300.000 kr til Røldal bygdelag. Summen skal indeksjusterast kvart år og følgje konsesjonen til Lyse kraft DA.

6. Årleg utbetaling på 6.000.000 kr til Ullensvang kommune sitt næringsfond, der 3.000.000 kr skal øyremerkast Røldal. Summen skal indeksjusterast kvart år og følgje konsesjonen til Lyse kraft DA.

7. Kraftselskapet overtek alt ansvar for rassikring, oppgradering og vedlikehald av Valldalsvegen.

Stryk Kulepunkt 2.

Nytt fellesframlegg frå AP/H/INP, sett fram av Vidar Solvi, Arbeidarpartiet

Uttale til revisjon av konsesjonsvilkår for Røldal–Suldal–reguleringa

Ullensvang kommune er opptatt av at når det skal setjast vilkår for minst 30 nye år, så må kunnskapen vere oppdatert og grundig for at vilkåra skal vere best mogleg tilpassa dei overordna omsyna som skal varetakast. Staten må sikre at nokon av dei store naturinngrepa som tida for lengst har løpt frå, og som i dag framstår heilt uakseptable, vert fjerna. Revisjonen av konsesjonsvilkåra skal sikre meir miljøtilpassa vilkår for gjeldande regulering. Vilkåra må vere basert på moderne, berekraftige miljø- og naturomsyn. Det er viktig at O/U-søknaden, og utfallet av denne, ikkje aukar den samla belastninga lokalt – eller regionalt – ytterlegare.

Kravlista under er ei samanfating av krav og vilkår frå Ullensvang kommune, samt ei vidareføring av krav framsatt av tidlegare Odda kommune.

Krav om tiltak som inneber magasinrestriksjonar og/eller vasslepp:

- *Krav om minstevassføring i alle bekker og elver.*
- *Kommunen krev at manøvreringsregima i reguleringsmagasin vert oppdatert til moderne natur- og miljøkrav. Desse må vere slik at erosjonsskader vert redusert.*
- *Slepp av vatn i Novlefoss av omsyn til oppleving og turisme, spesielt med tanke på planlagt ny tunnel på E134 mellom Hesjabakk og Liamyrane. Dette vil føre til at Novlefoss blir eit markert innslag i landskapsbiletet når ein reiser austover.*
- *Vurdere dagens manøvreringsbestemmingar for Valldalsmagasinet i forhold til oppdaterte klimaprognosar med påslag og tilhøyrande flomberekningar for å optimalisere flaumsikring frå Valldalen til Brattlandsdalen.*
- *Krav om innføring av fyllingsbestemmingar for Røldalsvatnet, som gjer det meir forutsigbart å legge til rette for friluftstilbod/næring både for turistar og lokalbefolkning. Omsyn til flaumsikring må likevel vere ein viktig del av vurderinga.*
- *Minstevassføring i Brattlandsdalåna – spesielt for å sikre betre gyteforhald for storaurestamma i Suldalsvatnet.*

Næringsfond

Stortinget har pålagt NVE å vurdere næringsfond. Inngrepa RSK medfører er uakseptable i dag. Inngrepa ville ikkje blitt godkjent. Grunnlaget for næringsfond er at det skal vere store inngrep. Den terskelen er overtrådt med svært god margin. Det er få, om nokon, kraftanlegg som har så store natur og miljøkonsekvensar som RSK. Basert på samanliknbare anlegg, er Ullensvang kommune komen fram til at eitt næringsfond må ha ein eingongssum på 250 millionar kroner. Fortrinnsvis ønsker vi årlege utbetalingar.

Eigarskap

Eigarane av kraftverk kjem i dag stadig betre ut økonomisk sett. Vertskommunane opplever stadig oppattakande trugsmål mot å få sin andel av verdiskapinga. Eigarkommunar opplever ikkje desse trugsmåla og får behalde aukande verdiskaping frå kraftanlegg. Sidan det jamnleg vert framsett trugsmål mot vertskommunane sin andel av verdiskapinga (som t.d. Sanderudutvalet), vil det tryggaste for vertskommunane til RSK vere å få ein andel av eigarskapen. Det ville i motsetnad til andre høve, sikra at vertskommunane også i framtida kan vere rimeleg trygge på å få ein andel av verdiskapinga lokalt.

Krav om andre fond og utbetalingar:

- *Årlege utbetaling på 200.000 kr, som skal gå til tilrettelegging for det enkle friluftslivet i nedslagsfeltet. Summen skal indeksjusterast kvart år med utgangspunkt i 2019.*

- Økonomisk bidrag til større tiltak for villrein, som må gjennomførast på tvers av konsesjonsområder ved å sjå alle revisjonssaker som rører ved villreinområda i samanheng.
- Oppretting av villreinfond for Hardangervidda villreinområde og Setesdal–Ryfylke villreinområde.
- Røldal Fiskefond vart oppretta som ein del av konsesjonsvedtaket i 1962. Det vart då innbetalt ein eingangssum. Regulanten må påleggjast årlege innbetalingar til dette fondet på kr 50 000. Summen skal indeksjusterast kvart år med utgangspunkt i 2019.

Krav om vegar, båtutsett o.l.

- Regulanten må sikre permanent tilgang til Valldalen og Hardangervidda heile året, slik at lokalbefolkning, og oppsitjarar, kan nytte Valldalen som forutsett. Ullensvang kommune krev at det i vilkårskonsesjonen kjem pålegg om merking på is, eller andre trasear, for å leggje til rette for vinterferdsel i Valldalen og vidare innover Hardangervidda.
- Staten må pålegge regulanten å ta fullt ansvar for Valldalsvegen. (Kommunen overtok dette ansvaret i 1968 under føresetnad av heimfall, og vart av den grunn kun tilkjent eingongsutbetaling på kr. 100.000,-). Denne uretten må rettast opp.
- Vegen i Valldalen går gjennom rasutsett område, særleg om vinteren. Regulanten må rassikre vegen.
- Fungerande båtutsett må etablerast i alle reguleringsmagasin. I dei større reguleringsmagasinga (Valldalen og Røldalsvatnet) må ein etablere fleire funksjonelle båtutsett, som er fordelt rundt vatna. Båtutsett i Røldalsvatnet er plassert i rasfarleg område.

Fisk i reguleringsmagasin

- Utarbeida ein revidert plan for å optimalisere fiskeforvaltninga i heile konsesjonsområdet, med spesiell vekt på dei vatna som er økologisk mest gunstige, eller som har størst friluftssinteresser. Planen må også ha fokus på å unngå spreiding av bekkerøye og ørekyt. Ein må kome med tiltak for å hindre spreiding av ørekyte frå Votna til Storelva/Røldalsvatnet.
- Norconsult føreslår å endre på utsettingsregimet av fisk i fleire av magasinga. Det er fisk i alle reguleringsmagasina til RSK innanfor Ullensvang kommune (ref. Røldal fjellstyre). Det er ikkje gjort vurderingar av fiskeutsetting i magasin der Hydro ikkje har hatt pålegg om dette. Ullensvang kommune krev at det vert gjort nye vurderingar av pålegg av fiskeutsettingar, i samarbeid med Statsforvaltaren og lokale brukarinteresser.
- I Røldalsvatnet er terskelen oppstrøms flomløpet ikkje tilpassa oppstrøms fiskevandring. Denne må forbeistrast for å mogleggjere fiskevandring.

Villrein:

Ullensvang kommune krev at kunnskapsgrunnlaget for villrein må styrkjast, både for Hardangervidda- og Setesdal–Ryfylke villreinområde. Ullensvang kommune viser her til brev innsendt 9. juli, samt fråsegner frå Villreinnemnda for Hardangervidda, Villreinnemnda for Setesdalen–Ryfylke, Statsforvalteren i Vestland, Statsforvaltaren i Rogaland, Statsforvalteren i Vestfold og Telemark og Statsforvalteren i Agder.

Ullensvang kommune støttar, og opprettheld, alle krav om tilleggsutgreiingar som framkjem av desse fråsegnene. Tiltak som kan betre trekkvegane, og redusere den samla belastninga for villrein, må ha høg prioritet i revisjonen av Røldal–Suldal-reguleringa. Til dømes må ein vurdere kva effekt etablering av ein villreinterskel i Votna kan ha.

Ullensvang kommune viser spesielt til Norconsult si tilråding om å regulere ferdsel ved å etablere eit samarbeid mellom forvaltning, fjellstyre, DNT med fleire. Dette for å øke trekkaktiviteten til reinsdyra. Anleggsvegane til Kaldevatnet og Middyrvatna er allereie stengt med bom, og har vore dette sidan anlegga opna. Dette gjer at det er særst lite motorisert ferdsel ein kan regulere på desse vegane. Ein må dermed finne andre tiltak.

Det må påleggast konsesjonær innbetaling til villreinfond etter etablert praksis. Etablering av fond kan ikkje vere eit argument for å ikkje pålegge konsesjonær å utføre avbøtande tiltak der enn sjølv er ein klar problemeigar.

Kulturminne:

- Ullensvang kommune krev eit betre kunnskapsgrunnlag. Fagrapporten gjev ei oversikt over utførte kulturminneregistreringar og kjende kulturminner pr. mars 2019 i utgreiingsområdet. I rapporten er det ikkje vurdert avbøtande tiltak for konkrete lokalitetar. Det må gjennomførast feltundersøkingar dersom dette viser seg å vere naudsynt for å ha tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag.*
- Følgje opp eventuelle forslag til avbøtande tiltak for kulturminner, t.d. som følgje av skade på kulturminner i erosjonssoner.*

Landskap, friluftsliv og reiseliv:

- Rydding av gammalt skrot/bos. Norconsult viser til at det ligg skrot, bos og andre restar etter anleggsverksemd fleire stadar. Dette skal ryddast så raskt som råd.*
- Regulanten må etablere fleire kulvertar, og/eller ein tappetunnel, i dei indre delane av Valldalsmagasinet for å avbøte på problema som oppstår på isen når magasinet ligg rundt kote 700.*
- Dei seinare åra er det etablert seg noko grasvegetasjon i den øvre delen av reguleringssona i Valldalsmagasinet. Dette dempar dei visuelle ulempene ved reguleringa. Denne vegetasjonsetableringa må få halde fram.*
- I Røldalsvatnet vil ei fordeling av vatnet som i dag går i kanalen, mellom kanalen og det naturlege elveleiet, gje positive verknadar for landskapet.*

Øvrige krav om tiltak:

- Gjennomføre undersøkingar (innhente kunnskap) om dagens miljøtilstand i Novlefoss.*
- Overvake vasskvaliteten nedstraums eksisterande steintippar og om naudsynt gjennomføre tiltak for å motverke forureining.*
- Kartlegge og vurdere avbøtande tiltak mot erosjonsproblem og forringe landskapsbiletet i konsesjonsområdet.*
- Ullensvang kommune krev at det vert gjennomført tiltak for vegskråningar og tippar som ikkje er plastra/dekka til.*

Andre kulepunkt som tilrådinga frå rådmannen.

Røysting:

Utvalet sette rådmannen si tilråding opp mot fellesframlegg frå AP/H/INP:

Fellesframlegget frå AP/H/INP vart samrøystes tilrådd.

Endrings- og tilleggsframlegg frå Lisa Karine Haugland (R) fekk 1 røyst og fall.

USPN – 004/25 Vedtak

Tilråding:

Uttale til revisjon av konsesjonsvilkår for Røldal–Suldal-reguleringa

Ullensvang kommune er opptatt av at når det skal setjast vilkår for minst 30 nye år, så må kunnskapen vere oppdatert og grundig for at vilkåra skal vere best mogleg tilpassa dei overordna omsyna som skal varetakast. Staten må sikre at nokon av dei store naturinngrepa som tida for lengst har løpt frå, og som i dag framstår heilt uakseptable, vert fjerna. Revisjonen av konsesjonsvilkåra skal sikre meir miljøtilpassa vilkår for gjeldande regulering. Vilkåra må vere basert på moderne, berekraftige miljø- og naturomsyn. Det er viktig at O/U-søknaden, og utfallet av denne, ikkje aukar den samla belastninga lokalt – eller regionalt – ytterlegare.

Kravlista under er ei samanfatting av krav og vilkår frå Ullensvang kommune, samt ei vidareføring av krav framsatt av tidlegare Odda kommune.

Krav om tiltak som inneber magasinrestriksjonar og/eller vasslepp:

- Krav om minstevassføring i alle bekker og elver.
- Kommunen krev at manøvreringsregima i reguleringsmagasin vert oppdatert til moderne natur- og miljøkrav. Desse må vere slik at erosjonsskader vert redusert.
- Slepp av vatn i Novlefoss av omsyn til oppleving og turisme, spesielt med tanke på planlagt ny tunnel på E134 mellom Hesjabakk og Liamyrane. Dette vil føre til at Novlefoss blir eit markert innslag i landskapsbiletet når ein reiser austover.
- Vurdere dagens manøvreringsbestemmingar for Valldalsmagasinet i forhold til oppdaterte klimaprognosar med påslag og tilhøyrande flomberekningar for å optimalisere flaumsikring frå Valldalen til Brattlandsdalen.
- Krav om innføring av fyllingsbestemmingar for Røldalsvatnet, som gjer det meir forutsigbart å legge til rette for friluftstilbod/næring både for turistar og lokalbefolkning. Omsyn til flaumsikring må likevel vere ein viktig del av vurderinga.
- Minstevassføring i Brattlandsdalåna – spesielt for å sikre betre gyteforhald for storaurestamma i Suldalsvatnet.

Næringsfond

Stortinget har pålagt NVE å vurdere næringsfond. Inngrepa RSK medfører er uakseptable i dag. Inngrepa ville ikkje blitt godkjent. Grunnlaget for næringsfond er at det skal vere store inngrep. Den terskelen er overtrådt med svært god margin. Det er få, om nokon, kraftanlegg som har så store natur og miljøkonsekvensar som RSK. Basert på samanliknbare anlegg, er Ullensvang kommune komen fram til at eitt næringsfond må ha ein eingongssum på 250 millionar kroner. Fortrinnsvis ønsker vi årlege utbetalingar.

Eigarskap

Eigarane av kraftverk kjem i dag stadig betre ut økonomisk sett. Vertskommunane opplever stadig oppattakande trugsmål mot å få sin andel av verdiskapinga. Eigarkommunar opplever ikkje desse trugsmåla og får behalde aukande verdiskaping frå kraftanlegg. Sidan det

jamnleg vert framsett trugsmål mot vertskommunane sin andel av verdiskapinga (som t.d. Sanderudutvalet), vil det tryggaste for vertskommunane til RSK vere å få ein andel av eigarskapen. Det ville i motsetnad til andre høve, sikra at vertskommunane også i framtida kan vere rimeleg trygge på å få ein andel av verdiskapinga lokalt.

Krav om andre fond og utbetalingar:

- Årlege utbetaling på 200.000 kr, som skal gå til tilrettelegging for det enkle friluftslivet i nedslagsfeltet. Summen skal indeksjusterast kvart år med utgangspunkt i 2019.
- Økonomisk bidrag til større tiltak for villrein, som må gjennomførast på tvers av konsesjonsområder ved å sjå alle revisjonssaker som rører ved villreinområda i samanheng.
- Oppretting av villreinfond for Hardangervidda villreinområde og Setesdal-Ryfylke villreinområde.
- Røldal Fiskefond vart oppretta som ein del av konsesjonsvedtaket i 1962. Det vart då innbetalt ein eingangssum. Regulanten må påleggjast årlege innbetalingar til dette fondet på kr 50 000. Summen skal indeksjusterast kvart år med utgangspunkt i 2019.

Krav om vegar, båtutsett o.l.

- Regulanten må sikre permanent tilgang til Valldalen og Hardangervidda heile året, slik at lokalbefolkning, og oppsitjarar, kan nytte Valldalen som forutsett. Ullensvang kommune krev at det i vilkårskonsesjonen kjem pålegg om merking på is, eller andre trasear, for å leggje til rette for vinterferdsel i Valldalen og vidare innover Hardangervidda.
- Staten må pålegge regulanten å ta fullt ansvar for Valldalsvegen. (Kommunen overtok dette ansvaret i 1968 under føresetnad av heimfall, og vart av den grunn kun tilkjent eingongsutbetaling på kr. 100.000,-). Denne uretten må rettast opp.
- Vegen i Valldalen går gjennom rasutsett område, særleg om vinteren. Regulanten må rassikre vegen.
- Fungerande båtutsett må etablerast i alle reguleringsmagasin. I dei større reguleringsmagasinga (Valldalen og Røldalsvatnet) må ein etablere fleire funksjonelle båtutsett, som er fordelt rundt vatna. Båtutsett i Røldalsvatnet er plassert i rasfarleg område.

Fisk i reguleringsmagasin

- Utarbeida ein revidert plan for å optimalisere fiskeforvaltninga i heile konsesjonsområdet, med spesiell vekt på dei vatna som er økologisk mest gunstige, eller som har størst friluftsinnteresser. Planen må også ha fokus på å unngå spreiding av bekkerøye og ørekyt. Ein må kome med tiltak for å hindre spreiding av ørekyte frå Votna til Storelva/Røldalsvatnet.
- Norconsult føreslår å endre på utsettingsregimet av fisk i fleire av magasinga. Det er fisk i alle reguleringsmagasina til RSK innanfor Ullensvang kommune (ref. Røldal fjellstyre). Det er ikkje gjort vurderingar av fiskeutsetting i magasin der Hydro ikkje har hatt pålegg om dette. Ullensvang kommune krev at det vert gjort nye vurderingar

av pålegg av fiskeutsettingar, i samarbeid med Statsforvaltaren og lokale brukarinteresser.

- I Røldalsvatnet er terskelen oppstrøms flomløpet ikkje tilpassa oppstrøms fiskevandring. Denne må forbeholdast for å mogleggjere fiskevandring.

Villrein:

Ullensvang kommune krev at kunnskapsgrunnlaget for villrein må styrkjast, både for Hardangervidda- og Setesdal-Ryfylke villreinområde. Ullensvang kommune viser her til brev innsendt 9. juli, samt fråsegnar frå Villreinnemnda for Hardangervidda, Villreinnemnda for Setesdalen-Ryfylke, Statsforvalteren i Vestland, Statsforvaltaren i Rogaland, Statsforvalteren i Vestfold og Telemark og Statsforvalteren i Agder.

Ullensvang kommune støttar, og opprettheld, alle krav om tilleggsutgreiingar som framkjem av desse fråsegnene. Tiltak som kan betre trekkvegane, og redusere den samla belastninga for villrein, må ha høg prioritet i revisjonen av Røldal-Suldal-reguleringa. Til dømes må ein vurdere kva effekt etablering av ein villreinterskel i Votna kan ha.

Ullensvang kommune viser spesielt til Norconsult si tilråding om å regulere ferdsel ved å etablere eit samarbeid mellom forvaltning, fjellstyre, DNT med fleire. Dette for å øke trekkaktiviteten til reinsdyra. Anleggsvegane til Kaldevatnet og Middyrvatna er allereie stengt med bom, og har vore dette sidan anlegga opna. Dette gjer at det er særst lite motorisert ferdsel ein kan regulere på desse vegane. Ein må dermed finne andre tiltak.

Det må påleggast konsesjonær innbetaling til villreinfond etter etablert praksis. Etablering av fond kan ikkje vere eit argument for å ikkje pålegge konsesjonær å utføre avbøtande tiltak der enn sjølv er ein klar problemeigar.

Kulturminne:

- Ullensvang kommune krev eit betre kunnskapsgrunnlag. Fagrapporten gjev ei oversikt over utførte kulturminneregistreringar og kjende kulturminner pr. mars 2019 i utgreiingsområdet. I rapporten er det ikkje vurdert avbøtande tiltak for konkrete lokalitetar. Det må gjennomførast feltundersøkingar dersom dette viser seg å vere naudsynt for å ha tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag.
- Følgje opp eventuelle forslag til avbøtande tiltak for kulturminner, t.d. som følgje av skade på kulturminner i erosjonssoner.

Landskap, friluftsliv og reiseliv:

- Rydding av gammalt skrot/bos. Norconsult viser til at det ligg skrot, bos og andre restar etter anleggsverksemd fleire stadar. Dette skal ryddast så raskt som råd.
- Regulanten må etablere fleire kulvertar, og/eller ein tappetunnel, i dei indre delane av Valldalsmagasinet for å avbøte på problema som oppstår på isen når magasinet ligg rundt kote 700.
- Dei seinare åra er det etablert seg noko grasvegetasjon i den øvre delen av reguleringssona i Valldalsmagasinet. Dette dempar dei visuelle ulempene ved reguleringa. Denne vegetasjonsetableringa må få halde fram.
- I Røldalsvatnet vil ei fordeling av vatnet som i dag går i kanalen, mellom kanalen og det naturlege elveleiet, gje positive verknadar for landskapet.

Øvrige krav om tiltak:

- Gjennomføre undersøkingar (innhente kunnskap) om dagens miljøtilstand i Novlefoss.
- Overvake vasskvaliteten nedstraums eksisterande steintippar og om naudsynt gjennomføre tiltak for å motverke forureining.
- Kartlegge og vurdere avbøtande tiltak mot erosjonsproblem og forringing landskapsbiletet i konsesjonsområdet.
- Ullensvang kommune krev at det vert gjennomført tiltak for vegskråningar og tippar som ikkje er plastra/dekka til.

Nye miljøvilkår må fastsettast i revisjonssaka før ny konsesjonssøknad vert vurdert, og få verknad i ny konsesjonssak for pumpe- og effektkraftverk Røldal 2 og Novle 2.

Saksopplysningar:

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) ber Ullensvang kommune om uttale til RSK DA sitt revisjonsdokument av konsesjonsvilkår for Røldal–Suldalvassdraget. Ullensvang kommune har fått utsett frist for å koma med uttale til 10. mars 2025.

Røldal–Suldalvassdraget fekk konsesjon i 1962. Manøvreringsreglementet for Røldal–Suldal–kraftverk vart fastsett ved Kgl. Res. 21.12.1962.

Odda og Suldal kommunar gjekk saman og sendte inn krav om revisjon av konsesjonsvilkår for Røldal–Suldal i 2019. NVE opna revisjon av konsesjonsvilkår i mars 2022.

Hovudføremålet med ein revisjon er å betra miljø- og naturforholda ved å avbøta ulemper og negative verknadar ved utbygginga.

Kva vilkår som kan reviderast:

Det er konsesjonsvilkåra som er gjenstand for revisjon. Vilkåra skal kunna justerast slik at produksjonen kan fortsetja på ein meir miljøvenleg måte. Ein kan ikkje endra lengda på konsesjonen, leggja ned heile anlegget eller endra konsesjonen frå tidsbegrensa til tidsbegrensa. Høgaste regulerte vasstand (HRV) og lågaste regulerte vasstand (LRV) i magasina er ein del av sjølve konsesjonen, og ikkje eit vilkår. Desse står difor fast, medan revisjonen kan fastsetja begrensingar i korleis ein manøvrerer mellom desse ulike vasstandane. Aktuelle vilkår for revisjon kan vera krav om minstevassføring, krav til fylling og tapping av magasin (t.d. sommarvasstand), tersklar/vasspegel, biotopjusterande tiltak, tilrettelegging for ferdsel og friluftsliv langs vassdraget m.m.

Det er forholdet til dei ålmenne interessene som er regulert i konsesjonen, og som er gjenstand for revisjon. Verken privatrettslege forhold ovanfor grunneigarar og andre rettshavarar eller økonomiske krav er ein del av revisjonssaka.

Magasinamn	Nedbørfelt* km ²	LRV moh	HRV moh	NV moh	Reguleringshøgde m	Magasinvolum Mm ³
Vestre vassdrag						
Nupstjørn	12,2	1282	1302	1302	20	10
Austre Middyrvatn	11,7	1190	1230,5	1229	40,5	21,2
Vestre Middyrvatn	3	1190	1217,5	1213	27,5	6,8
Kaldevatn	14,8	1183	1205	1195	22	36,5
Tjørn 1183	0,7	1182,5	1183	1182,5	0,5	0,03
Djupetjørn	7,9	1146,4	1167,2	1167,2	20,8	7,8
Indre Grubbedalstjørn	4,7	1045	1078,8	1078,8	33,8	5,7
Midtre Grubbedalstjørn	2,5	1045	1070	1070	25	2,9
Votna	65	975	1020	970	45	119
Valldalsvatn	255	665**	745	665	70	290
Finnabuvatn	27,1	893	908	895,7	15	27,7
Vasselvatn	18,2	732,5	753	732,5	20,5	11
Røldalsvatn	143	363	380	380	17	115

Utklipp frå revisjonsdokumentet som viser oversikt over dagens reguleringsmagasin i vestre vassdrag:

Lyse Kraft DA oppgjev at generelt driftsmønster for Novle og Røldal er at ein har tomme magasin på våren og fulle magasin om hausten. Røldal kraftverk har kapasitet på 56 m³/s. Novle kraftverk fungerer som trykkstøtte til vassstrengen for Røldal kraftverk og vert normalt køyrt samtidig som Røldal.

Vurdering:

Rådmannen viser til dei innsende krava i 2019 saman med Suldal kommune, og til innspel til miljøtiltak frå Ullensvang kommune i 2020.

Krav Odda kommune 2019:

Odda kommune informerte gjennom heimesida. Saman med Hydro vart det arrangert eit folkemøte i Røldal om innhaldet i eit frivillig utgreiingsprogram (fagrapportar), der det blei poengtert at kommunane ville krevja vilkårsrevisjon og at ein kunne koma med innspel. Odda og Suldal kommune sende over krav 18.10.2019 til NVE om å opna revisjonssak for Rølda–Suldal, sjølv om konsesjonane fortsatt hadde vilkår om tidsbegrensing, og vilkåret om revisjonsadgang ikkje var innført. Kravet blei stilt for å sikra at ein eventuell ny eigar av anlegga og eventuell endring til tidsbegrensa konsesjon, ikkje ville forsinka prosessen med å få vurdert miljøforbetrande tiltak og innføring av moderne vilkår.

Krav om tiltak som inneber magasinrestriksjonar og/eller vasslepp:

- Slepp av vatn i Novlefoss av omsyn til opplevelse og turisme, spesielt med tanke på planlagt ny tunell på E134 mellom Hesjabakk og Liamyrane, som vil medføra til at Novlefoss blir eit markert innslag i landskapsbiletet når ein reiser austover.
- Vurdera dagens manøvreringsbestemmingar for Valldalsmagasinet i forhold til oppdaterte klimaprognosar med påslag og tilhøyrande flomberekningar for å optimalisera flaumsikring frå Valldalen til Brattlandsdalen.
- Vurdera å innføra fyllingsbetemmingar for Røldalsvatnet, som gjer det meir forutsigbart å

legga til rette for friluftstilbod/næring både for turistar og lokalbefolkning. Omsyn til flaumsikring må likevel vera ein viktig del av vurderinga.

Krav om fond og andre utbetalingar:

- Årleg utbetaling på 200.000 kr, som skal gå til tilrettelegging for det enkle friluftslivet i nedslagsfeltet. Summen skal indeksjusterast kvart år med utgangspunkt i 2019.
- Økonomisk bidrag til større tiltak for villrein, som må gjennomførast på tvers av konsesjonsområder ved å sjå alle revisjonssaker som rører ved villreinområda i samanheng.

Øvrige krav om tiltak:

- Utarbeida ein revidert plan for å optimalisera fiskeforvaltninga i heile konsesjonsområdet, med spesiell vekt på dei vatna som er økologisk mest gunstige og som har størst friluftsinnteresser. Planen må også ha fokus på å unngå spreiding av bekkerøye og ørekyt.
- Gjennomføra undersøkingar (innhenta kunnskap) om dagens miljøtilstand i [...] Novlefoss.
- Overvaka vasskvaliteten nedstraums eksisterande steintippar og om naudsynt gjennomføra tiltak for å motverka forureining.
- Fylgja opp eventuelle forslag til avbøtande tiltak for kulturminner, t.d. som følgje av skade på kulturminner i erosjonssoner. Gjennomføra feltundersøkingar dersom dette viser seg å vera naudsynt for å ha tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag.
- Sikra permanent tilgang til Valldalen og Hardangervidda heila året.
- Kartlegga og vurdere avbøtande tiltak mot erosjonsproblem og forringa landskapsbiletet i konsesjonsområdet.
- Vurdere tiltak for vegskrånningar og tippar som ikkje er plastra/dekka til.

Ullensvang sine tilleggsinnspel til miljøtiltak 2020:

Innspel til fagrapportane

Fisk – reguleringsmagasin:

- Utsetting av fisk → I rapporten føreslår Norconsult å endra på utsettingsregimet av fisk i fleire av magasinane. Dette bør avklarast med Statsforvaltaren. For Ullensvang gjeld dette: Valldalsvatnet, Votna og Røldalsvatnet. I Veste Middyrvatn, Østre Middyrvatn, Nupstjørn og Kaldevatnet er det ikkje sett ut fisk av Hydro.
- Biotoptiltak → Vurdering av biotoptiltak i gytebekk ved Nupstjørn. Bør gjerast ei vurdering av habitatforholda i innløpsbekken.
- Forbetring av vandringshinder → I Røldalsvatnet er terskelen oppstrøms flomløpet ikkje tilpassa oppstrøms fiskevandring. Forbetra denne for fiskevandring.

Kulturminne:

- Forbetring av kunnskapsgrunnlag → Rapporten gjev ei oversikt over utførte kulturminneregistreringar og kjende kulturminner pr. mars 2019 i utggreingsområdet. I rapporten er det ikkje vurdert avbøtande tiltak for konkrete lokalitetar.

Landskap, friluftsliv og reiseliv:

- Rydding av gammalt skrot/bos → Norconsult viser til at det ligg skrot, bos og andre restar etter anleggsverksemd fleire stadar. Bør ryddast så raskt som råd.
- Rassikring av veg → Vegen i Valldalen går gjennom rasutsett område, særleg om vinteren.
- Etablering av kulvert → Etablering av fleire kulvertar og/eller ein tappetunnel i dei indre delane av Valldalsmagasinet for å avbøta på problema som oppstår på isen når magasinet

ligg rundt kote 700.

- Halda fram med vegetasjonsetablering i Valldalsmagasinet → Dei seinare åra er det etablert seg noko grasvegetasjon i den øvre delen av reguleringssona i Valldalsmagasinet, noko som dempar dei visuelle ulempene ved reguleringa.
- Vatn i naturleg elveløp Røldalsvatnet → Ei fordeling av vatnet som i dag går i kanalen, mellom kanalen og det naturlege elveleiet er vurdert å gje positive verknadar for landskapet.

Villrein:

- Regulering av ferdsel → Norconsult tilrår å etablera samarbeid mellom forvaltning, fjellstyre, DNT med fleire for å auka trekkaktiviteten.

Lyse Kraft DA si vurdering av innkomne krav:

- Lyse meiner kravet om minstevassføring i Novlefoss må avvisast, då nytten av tiltaket ikkje kan forsvarast ut frå kostnadane med tiltaket. Lyse meiner at etableringskostnadar (500–600 mill + 50 mill) og krafttap (72 GWh) ikkje kan forsvarast med den avgrensa effekten dette har for landskapsopplevinga. Det er andre store og tilgjengelege fossefall i nærleiken som bidrar positivt til landskapsoppleving og turisme.
- Lyse skriv at flaumsikring i dag blir utført via regulering innanfor gjeldande manøvreringsreglement. Etablering av magasinet i Valldalen utgjer i seg sjølv ein betydeleg reduksjon av faren for flaumskadar. Dammen i Valldalen er underlagt strenge krav til sikkerhet gjennom damsikkerheitsforskrifta. Det er jamlege sikkerhets- og tilstandskontrollar av dameigar. Lyse meiner dei nye konsesjonssøkte kraftverka Novle 2 og Røldal 2 vil sikra eit meir robust system enn ein har i dag.
- Røldalsvatnet har ei reguleringshøgde på 17 m med HRV på kote 380 og LRV på kote 363. Frå magasinet når kote 378, normalt i slutten av juni, og fram til 1. oktober kan magasinet ikkje sleppast lågare enn kote 378 på forsommaren. Utrekninga av tidspunkt for vårkulminasjonen er fastsett i samråd med NVE.
- Lyse legg til grunn at storleiken på eit eventuelt friluftslivsfond vert fastsett av konsesjonsstyresmakta ut ifrå normal praksis.
- Det er no vanleg at det blir oppretta villreinfond ved revisjon av konsesjonar der reguleringsanlegga ligg innanfor villreinområde og Lyse Kraft stiller seg bak ei slik løysing. Fondet må forvaltast av ei eiga styringsgruppe beståande av NVE, miljøforvaltinga, regulanten og kommunane. Lyse Kraft legg til grunn at tiltaka som sett i verk skal koma den ramma villreinbestanden til gode, og at tiltaka må sjåast i samheng med andre prosjekt på villrein i Norge. Ved eventuelle krav om villreinfond slik kommunane har kravd legg Lyse til grunn at det ikkje vil vera rimeleg og i tillegg opne for utbreidd bruk av standardvilkåra for å pålegga kostbare undersøkingar og tiltak av omsyn til villrein.
- Basert på det oppdaterte kunnskapsgrunnlaget ligg det godt til rette å oppdatere utsettingspålegget knytt til vassdraget. For å sikra eit oppdatert utsettingsregime i tråd med ny kunnskap vil Lyse gå i dialog med Statsforvaltaren om dette uavhengig av vilkårsrevisjonen.
- Viser til miljørapporten om kulturminner. Undersøking av tilstanden til kulturminne i ei reguleringszone vil vera utfordrande og stadvis kostnadskrevande arbeid. Lyse foreslår at det ikkje vert stilt krav til sikring av kulturminne i reguleringssona.
- Dårlegare tilkomst i Valldalen og Hardangervidda sommar og haust som følgje av reguleringa er teke omsyn til ved at RSK bygde Valldalsvegen, som i dag er eigd og blir halden vedlike av Ullensvang kommune. Verken konsesjonar eller skjønn inneheld, etter det

Lyse kan sjå, krav om merking på is eller andre stadar for å leggja tilrette for vinterferdsel i Valldalen eller til Hardangervidda. Lyse tilrår at kravet ikkje blir tatt med i vilkårsrevisjonen.

– Ikkje spesifisert kva område det gjeld.

– Lagt inn i driftsplanar. Erosjonstilhøva ved Hårajuvet vart utbetra og plastra i 2021/22.

Lyse sine forslag til endring i vilkår og avbøtande tiltak:

Lyse kraft føreslår ein del endringar i vilkår og manøvreringsreglementet slik at det blir meir i samsvar med dagens krav og bruk av vassdraget;

– Ved bruk av standardvilkår ynskjer Lyse eit tilleggspunkt knytt til ålmenta sin bruk av anleggsvegar med tanke på sikker ferdsel. Tillegget bør lyda: "Konsesjonæren har rett til å stengja eigne anleggsvegar for ålmenta når tryggleik ikkje er tilstrekkeleg til at andre brukarar bør nytta vegen".

– Minstevassføring på 1 m³/s i Roaldkvamsåa gjennom etablering av Nordmork kraftverk.

For å unngå eit urimeleg høgt tap av kraft dei første åra legg me til grunn at krav om minstevassføring skal gjelde på det tildspunktet Suldal 2B inkludert Nordmork kraftverk vert sett i drift, likevel innanfor ein periode på 5–7 år gjeldande frå konsesjonsdato.

– Føreslå å mjuka opp vilkåret om fyllingstid i Suldalsvatn grunna det ikkje er tømmerfløting i Suldalslågen lengre.

Ullensvang kommune ser på vasskraftregulering som bruk av ein miljøvenleg, fornybar og fossilfri ressurs med stor samfunnsnytte. Samstundes må reguleringa og energiproduksjonen byggja på berekraftprinsippet, der natur- og miljøverdiar vert tekne omsyn til. Mange av dagens konsesjonsvilkår er gamle, og det er naudsynt å sjå på dette i lys av ny kunnskap. Gjennom revisjon av konsesjonsvilkåra bør det vega tungt å rette opp skadar og ulemper som reguleringa har påført vassdraget og området.

Ullensvang kommune er opptatt av at når det skal settast vilkår for minst 30 nye år, så må kunnskapen vera oppdatert og grundig for at vilkåra skal vera best mogleg tilpassa dei overordna omsyna som skal varetakast.

Revisjonssaka og ny konsesjonssøknad må handsamast i samanheng av kvarandre hos NVE. Det er ikkje tilstrekkeleg at sakene blir handsama parallelt. Dei nye inngrepa det er søkt om konsesjon for, må sjåast i samanheng med allereie gjennomførte utbyggingar og påførte inngrep som er omfatta av denne revisjonssaka. Konsesjonssaka må bidra til å avbøta skadar og ulemper frambrakt av tidlegare utbyggingar, dvs. avbøta krava som er krevd i revisjonssaka.

Etter kommunen sitt syn må difor nye konsesjonsvilkår for eksisterende konsesjon fastsettast først, før det vert gjeve konsesjon for ytterlegare utbyggingar. Dette er naudsynt for å vurdera den samla belastninga i vassdraget, slik naturmangfaldlova § 10 krev. Denne føresegna er også relevant ved vurdering av revisjonar og nye konsesjonar. Olje- og Energidepartementet (OED) sine retningslinjer for revisjonssaker frå 2012 side 8, slår fast at naturmangfaldlova sine prinsipp i §§ 8–12 også skal leggst til grunn ved handsaming av den konkrete revisjonssaka. Retningslinjene forutsetter vidare ei samordning; *"I de tilfeller der en vilkårsrevisjon og et O/U-prosjekt berører samme konsesjon eller konsesjoner, skal NVE søke å behandle revisjonskravene sammen med konsesjonsbehandlingen av O/U-prosjektet"*.

Med denne bakgrunnen meiner Ullensvang kommune at nye miljøvilkår må fastsettast i revisjonssaka før ny konsesjonssøknad vert vurdert. Alternativt må dei to utbyggingane få eit felles vilkårssett.

Av forarbeidene, Ot.prp. nr. 50 (1991–1992) side 46, kjem det fram at hovudføremålet med ein revisjon av konsesjonsvilkår i eldre konsesjonar, er å betra miljøtilstanden i regulerte vassdrag ved å modernisera gjeldande vilkår og eventuelt også setta nye vilkår for å retta opp miljøskadar og ulemper som har oppstått som følgje av reguleringa. Det må takast ei avveging, der til dømes omsynet til konsesjonæren sin økonomi, samfunnsøkonomiske kostnader og kraftproduksjon vert vege opp mot den miljømessige vinninga endringar av vilkåra vil medføra. Føresegner om minstevassføring er særskilt omtalt i proposisjonen på side 47: *“Det kan være aktuelt å pålegge minstevassføringer eller foreta justeringer av tidligere fastsatte minstevassføringer. En må imidlertid være varsom med å fastsette nye skjerpende vilkår om vannslipping. Dette er pålegg som vil kunne medføre store produksjonstap. Skjerpende vilkår om minstevassføring bør derfor kun fastsettes hvor spesielle hensyn tilsier slikt pålegg. Det forutsettes at revisjonen ikke skal medføre vesentlig produksjonstap for konsesjonæren [...]”*. Det tyder at det må vera til stades “spesielle omsyn” for at det skal kunna gjevast føresegner om minstevassføring i revisjonssaka.

I samband med implementeringa av vanndirektivet, uttalte energi- og miljøkomiteen (Innst. S. nr. 123 (2008–2009)) følgjande om tilhøve til å innføra minstevassføring: *“Det kan være aktuelt å pålegge minstevassføringer eller foreta justeringer av tidligere fastsatte minstevassføringer. En må imidlertid være varsom med å fastsette nye skjerpende vilkår om vannslipping. Dette er pålegg som vil kunne medføre store produksjonstap. Skjerpende vilkår om minstevassføring bør derfor kun fastsettes hvor spesielle hensyn tilsier slikt pålegg. Det forutsettes at revisjonen ikke skal medføre vesentlig produksjonstap for konsesjonæren [...]”*. Stortinget forutsetter at det er *“viktig å få til ordentlige miljøforbedringer der det ikke er krav om minstevannføring i dag”*, og at det ligg føre eit stort potensiale for miljøforbetringar med beskjedne verknadar for kraftproduksjonen. Uttala frå Stortinget må gjelde både restriksjonar i drifta av magasina og ny minstevassføring i vassdraget.

I OED sine retningslinjer for revisjonssaker frå 2012, er ikkje berre nasjonale laksevasdrag, men også *“andre vassdrag med særlig viktige fiskestammer og betydelige fiskeinteresser”* framheva som revisjonssaker som gjevast prioritet. At det ikkje dreier seg om eit nasjonalt laksevasdrag, har dermed ingen betydning. Eit omsyn som er av betydning for den interesseavveininga som skal føretakast i revisjonssaka, er derimot at villaksen vart sett på raudlista til Artsdatabanken som “nær truga” i 2021, noko som tyder at lakseinterssene har eit sterkare vern i dag enn kva departementet la til grunn i 2012. Vitskapelege råd for lakseforvaltninga er klare på at vasskraft, og spesielt manglande minstevassføring og aukande grad av effektkøyring, er ein av hovudårsakene til den dårlege overlevelsessevna til avkommet. I den samanheng er det også av betydning at FN har bestemt at åra 2021–2030 skal vera naturrestaureringas tiår, og at Noreg den 19. desember 2022 slutta seg til den internasjonale naturavtalen som stiller krav om å gjenoppretta natur som allereie har gått tapt. I høve til avtalen skal avtalepartane restaurera 30% av all natur som er delvis øydelagt innan 2030, og vilkårsrevisjonar er då det viktigaste verktøyet Noreg har til å restaurera

øydelt natur og forbedra miljøtilstanden i dei regulerte vassdraga.

For at resultatet av revisjonssaka skal bli tilfredsstillande, er det naudsynt med tett oppfølging frå NVE, Lyse Kraft DA på vegne av RSK DA, kommunen og berørte ålmenne interesser.

Rådmannen har lagt uttalane frå Statsforvaltaren i Vestland, Røldal grunneigarlag og Røldal bygdalag med som vedlegg til saka. Alle uttalar kan finnast på nettsida til NVE.

Samandrag konklusjon:

Rådmannen vurderer at dersom vilkåra lista opp i vedlagt oversikt vert del av revisjonen av konsesjonen, og revisjonen sine vilkår blir førande for vurdering av ny konsesjon, så kan Ullensvang kommune rå til at RSK DA får revidere sine konsesjonsvilkår for Røldal–Suldal-reguleringa.